

NotatDato: 05.06.2016
Arkivsak: 2016/5254-4
Saksbehandlar: josfare

Til: Eigarane i Business Region Bergen

Frå: Fylkesdirektør for Regional utvikling i Hordaland

Revidert 19.09. 2016, Organisering av tenestene i Business Region Bergen

Følgjande notat skisserer framlegg til vidare organisering av dei tenestene i Business Region Bergen som eigarane har peika på er viktig å løyse i fellesskap. Framlegget er utarbeidd av ei representativ arbeidsgruppa som eigarane i BRB sette ned etter møtet 26. mai.

Føresetnadar for organiseringa:

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å etablere eit IKS. Det er ønskjeleg at dei to oppgåvene Etablerersenteret og Invest in Region Bergen vert organisert på ein måte som sikrar ei armlengds avstand frå ein offentleg aktør. Organiseringa skal ikkje verte dyrare for kommunane enn det som er tilfellet i dag.

Etablerersenteret

Etablerersenteret har i dag to tilsette (1.7) årsverk, som arbeider med kurs og rettleiing for etablerarar i regionen.

Oppgåva vert no lagt til Fylkeskommunen men merkevara «Etablerersenteret» skal utviklast vidare, og vil ha eit eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Etablerersenteret skal ha ei eige styringsgruppe som representerer eigarane, og det er hensiktsmessig å nytte eit eksisterande forum. Regionrådsleiarmøtet er eit godt utgangspunkt som styringsgruppe og kan eventuelt supplerast om nødvendig. Denne består i dag mellom anna av daglege leiarar i Regionråda i tillegg til nokre næringssjefar.

Etablerersenteret skal arbeide utadretta i fylket og samarbeide tett med dei eksisterande aktørane i kommunane / regionane, som t.d. Regionråd, næringshagar, inkubatorar og liknande. Etablerersenteret vil kunne nytte administrative ressursar frå fylket og vil inngå i innsatsgruppa for innovasjon og entreprenørskap på Næringsseksjonen. Organiseringa vil òg sikre ei meir heilskapleg utvikling av etablerertenestene i Hordaland ved å kople Kom-an.no-satsinga til fylket og Etablerersenteret tettare saman.

Kommuneadvokaten i Bergen kommune anbefalar verksemdsoverdraging av Etablerersenteret til Hordaland fylkeskommune, i tråd med Arbeidsmiljølova kapittel 16.

Konklusjon: Etablerersenteret med 1.7 årsverk (2 tilsette) vert overført til Hordaland fylkeskommune.

Oppfølging av SNP

Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 er vedteke i alle eigarkommunane saman med tiltaksplanen for 2015-2016.

Tiltaksplanen til SNP har ansvarleggjort aktørar for dei ulike prosjekta. Arbeidsgruppa rår til at ein tilsett i fylkeskommunen får ansvar for å følge opp desse aktørane, for å sikre at prosjekta vert gjennomført som planlagd.

Tiltaka som Business Region Bergen har ansvar for må få ein ny ansvarleg aktør. Dette inneber også oppdatering av tiltaksplanen i første halvdel av 2017.

Konklusjon: Hordaland fylkeskommune følger opp aktørane som er ansvarleggjort for dei vedtekte tiltaka.

Delegasjonsreiser

Oppgåva omhandlar delegasjonsreiser til store viktige møteplassar som til dømes OTC i Houston og Seafood Expo Brussel.

Nettverksorganisasjonar og næringsklynger som Hordaland fylkeskommune har partnerskapsavtalar med får no ansvaret for slike delegasjonsreiser.

Det må utarbeidast ein mal for korleis dette oppdraget skal løysast slik at det ikkje er uklare forventingar til oppdraget for aktørane.

I utgangspunktet ser ein ikkje for seg at samarbeidsaktørane treng tilleggsmidlar for å utføre denne oppgåva.

Andre organisasjonar kan få i oppgåve å arrangere delegasjonsreiser innan tema der ein ikkje har ein dekkande samarbeidspartnar.

Konklusjon: Nettverksorganisasjonar og næringsklynger får ansvar for å arrangere delegasjonsreiser, og det vert utarbeidd klare forventningar til oppdraget.

Invest in Region Bergen

Denne oppgåva har utvikla seg det siste året og det er trong for å tydeleggjere omfang og aktivitetar i enno større grad enn det som er tilfellet no.

Aktivitetar knytt til marknadsføring, innsal av regionen, betjening av innkomande henvendingar, kontinuerleg oppdatering av næringsarealguiden og nettsidene til «Invest in Region Bergen» peikar seg ut som dei tydelegaste. Oppgåva inneber å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar. Dei som arbeider med dette må ha god oversikt over ulike eksisterande planar knytt til næringsutvikling i fylket og ute i dei einskilde kommunane.

Om lag to årsverk, fordelt på fire tilsette har arbeidd med desse oppgåvene fram til i dag. For å vidareføre denne oppgåva framover er det ønskjeleg å rekruttere denne kompetansen.

Arbeidsgruppa har drøfta ulike ansvarsstader for oppgåvene, men det er ei tilsvarande ordning som med Etablerersenteret som peikar seg ut som den mest hensiktsmessige:

Oppgåvene vert lagt til Hordaland fylkeskommune, men det er tydeleg at det er merkevara «Region Bergen» som skal fremjast. «Region Bergen» vil representere heile fylket (dei

kommunane som er med og betaler), men det er semje om å nytte «Bergen» i merkenamnet for regionen, då dette har eit godt renommé i utlandet.

Oppgåvene vert etablert som eit «næringsutviklingsprogram» i Hordaland fylkeskommune, med eige kostnads- og finansieringsbudsjett, og ei eige styringsgruppe som representerer eigarkommunane.

Arbeidsgruppa finn Regionrådsleiarmøtet som ei god og representativ styringsgruppe også for «Invest in Region Bergen». Om nødvendig kan denne utvidast.

Arbeidsgruppa ønskjer ein smidig overgang for å sikre kompetansen til dei relevante personane i BRB. Med det utgangspunktet vil fylkeskommunen arbeide for å få overført den nødvendige kompetansen for å sikre ei god vidareføring av «Invest in Region Bergen».

Konklusjon: «Invest in Region Bergen» vert etablert som eit næringsutviklingsprogram i Hordaland fylkeskommune med Regionrådsleiarmøtet som styringsgruppe. Ein vil søke å finne fleksible løysingar for å ivareta kompetansen til dei tilsette som arbeider med dette i BRB.

«Sparringspartnar» til kommunane

Fleire av kommunane har peika på at det er viktig for deira eigne nærings sjefar / næringsutviklarar å ha tett dialog med ein organisasjon som er større enn kommunen sjølv.

Fylkeskommunen kan legge til rette for møteplassar og læringsarenaer mellom nærings sjefar og rådgjevarar i kommunane.

Vidare kan det etablerast hospiteringsordningar for nyttilsette nærings sjefar/næringsrådgjevarar i kommunane hos Hordaland fylkeskommune. Slik kan desse verte kopla på Etablerersenteret og Invest in Bergen, i tillegg til næring- og samfunnsutviklingsarbeidet i fylkeskommunen elles.

Konklusjon: Fylkeskommunen og kommunane samarbeider om dette for å finne gode løysingar.

Økonomi

Dei gjevne oppgåvene i dette dokumentet kan løysast med ein finansieringsmodell der kommunane bidrar med 7 kroner per innbyggjar. Fylkeskommunen bidrar med tilsvarende kronebeløp for alle innbyggjarane i Hordaland. Dette gjev ei rimelegare løysing for kommunane enn det som har vore tilfellet føregåande år, gjeve at alle kommunane i Hordaland ønskjer å vere med på denne organiseringa. Hordaland fylkeskommune tar òg på seg større administrative oppgåver med denne modellen, i tillegg til arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

Det er semje i arbeidsgruppa om å legge opp til eit romsleg budsjett, då det ved seinare høve er vanskeleg å justere opp kronesummen per innbyggjar om det skulle verte trong for det.

Det er mogleg at det vil stå igjen om lag kr 4 millionar i Business Region Bergen. Desse midlane vert sett på fond og nyttast til investeringar som styringsgruppa anbefaler for dei to prosjekta «Etablerersenteret» og «Invest in Region Bergen».

Her følgjer kostnads og finansieringsframlegg for dei gjevne oppgåvene:

Vidareføring av etablerersenteret og Invest in Region Bergen		
Utgangspunkt finansiering: lik nøkkel Hordaland fylkeskommune og medlemskommunar (multiplisert med 500 000 innbyggjarar).		
Etablerersenteret		
Utgiftsposter	Kostnader	
1,7 stillingar m/sosiale kostnader		1 600 000
Andre kostnader knytt til drift		900 000
Utviklingsoppgåver		500 000
SUM		3 000 000
Finansiering	Kr pr innbyggjar	SUM
Hordaland fylkeskommune	3,0	1 500 000
Medlemskommunar	3,0	1 500 000
SUM		3 000 000
Invest in Bergen		
Utgiftsposter	Kostnader	
2 stillingar m/sosiale kostnader	2 300 000	
Andre kostnader knytt til personell	100 000	
Prosjektkostnader (reise, kursverksemd, systemutvikling)	1 000 000	
SUM	3 400 000	
Oppfølging SNP ut perioden	500 000	
Invest in Bergen og SNP	3 900 000	
Finansiering	Kr pr innbyggjar	SUM
Hordaland fylkeskommune	4,0	2 000 000
Medlemskommunar	4,0	2 000 000
SUM		4 000 000
Dersom det fortsatt er 4 mill igjen i BRB etter avvikling, vert dette sett på fond og nyttast etter tilråding frå styringsgruppa.		

MERKNAD: Bergen kommune ved nærings sjef, har i epost til Fylkeskommunen bedt om at midlane som står igjen i Business Region Bergen vert nytta til finansiering av drift- og utviklingsoppgåvene som er presentert i denne modellen. Det vil i så fall medføre eit noko lågare kronebeløp per innbyggjar dei første åra.

Vegen vidare

Hordaland fylkeskommune inviterer no kommunane til å signere ein intensjonsavtale om å vere med å finansiere dei skisserte tenestene. Det vert sendt ut ein endeleg samarbeidsavtale med kommunane, når punkta knytt til finansiering, oppgåvene og dei tilsette er endeleg avklara.

Bård Sandal
Fylkesdirektør for regional utvikling

Mette Nora Sætre
Nærings sjef

Brevet er signert elektronisk og har difor ikkje underskrift.